Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Hordaland
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Strandebarm
Emne: Skav | Bygdelag: Omastrand
Oppskr. av: Andr. Oma | Gard: Oma
(adresse): Omastrand | G.nr. 38 Br.nr. 7.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle. 72½ år.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hjelpefôr, raskefôr.
2. Mork.
3. å skava, skjer – skov, vil skava, har skave.
4. Ja, ein hadde alltid laga seg til med „mork' til einferm, og det var nokso fast arbeid um kveldane og i ruskeversdagar. Hadde ofte ein jutesekk full med skav. Dette var vanlegt for 40–50 år sidan. No er det meir slutt med dette arbeidet, kanhende det er rettast å seia at det er heilt slutt, utan i sers vanskelege fôrår. Før var det nok rekna meir som regulært attåt=fôr.

5. Ein nyttar her mest skav av: ask, raun, hegg, alm og lind (alm og lind) veks forresten ikkje på alle gardar her i krung. Ask, raun og serleg alm er best. – Skav av bartre har aldri vore nytta so vidt eg veit.

6. Ordet skav er nytta om borken av alle dei ovannemnde treslag, – ikkje berre om t.d. raun. Askeskav, rauneskav, ospeskav, eikeskav o.s.b.

7. Ja. „Ask gjer kyri rask"
„Eik gjer kyri veik"
„Hegg set merg i legg".

1145

8. Berre kyrne fekk skav og mest på ettervinteren.
I gamle dagar „viska" dei „vondlau" til kvar ku og la då ein liten stump skav inni kvar vondul.
Skav av older var aldri nytta; men det hende at kyrne vanda huggeskav, når treet var hogge på vårparten; det var då for skarp smak på skavet, og det kunde smaka på mjølki med mykje slikt skav.

9. Ja, det var vanlegt at det vart meir og betre mjølk, når kyrne fekk skav – feitare mjølk og gult smør.

10. Det er so ymse med det; ein loggar som regel ask, osp og raun kvar haust, før lauvet gulnar, lagar kjørv (tjerv) som nyttast til fôr. Det er serleg den veden som vert skaven, til vanleg. Hesjeveden av ask og raun vart skaven; no er det meir slutt med det ogso mange stader.

11. Ein brukar ordet „markaskog" ɔ: hentar „mork" heim or skogen vintertid.

12. Ein kallar det „mork": Når me skulde laga til askegreiner o.l. til å skava inne i stova om kveldane, måtte me hogga greinene av i høvelege lengder (ca 40 cm. eller so) so skulde „hogga og kvista mork".

13. Ordet „marka" tyder nok berre å henta skav-ved.

14. Det var serleg seinhaustes og vintertid. Ikkje hardare enn anna vinterarbeid i skogen.
Har aldri høyrt om at karfolki skulde til skogs langfredag.

15. Før var dei ofte i stova og skav om kveldane.

1145

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Framhald av 15. No er det slutt. Er det nokolunde mildver, og det er strangar eller trover som skal skavast, sit dei helst på låven eller eit rom elles i löda, når det minkar med höyet. Ute ein stad i godver om våren.

16. Skavljå. (eller bandakniv - dersom det er tjukkare greiner eller strangar som skal skavast.
Tollekniv har eg aldri sett vore bruka til skaving. Brukar her helst eit ljåbrot d: ein avbroten ljå - med ei tyfille kring den brotne enden, so ein ikkje skal skjera seg. Tyneljå har eg aldri sett i bruk.

17. Brukar helst ein sagekrakk når ein skjer borken av hesjeved eller av fiirestaur (til kornstaur). - Elles er det gjerne to personar om arbeidet når ein skjer skavved som er lang og tung t. d. staur og trover eller strangar. Dei har kvar sin krakk eller kassa til å sitja på: ein held og snur skavveden rundt og den andre skjer t. d. halve lengdi, og so byter dei arbeid. Dei held då skavljåen med begge hender.
Med opphoggi mork (ca. 30-40 cm lange kjeppar) er det ein som skjer med skavljåen i venstre handi og kjeppen i den högre. - Har ein krakk e. l. til sete og stydjer skavljåen mot t. d. sengstolpen (eller mot ein vegg- eller bordkant i lödehusi) og dreg so kjeppen (skav-veden) att og fram undor skavljåen.
Har og so sett ein krakk med hol i til å sitja pinn i til stötte for skavljåen. - „Skavhol" er ukjent ord for meg.

18/ Slik stong som er nemnd her har eg aldri sett brukt her
Om skavhol er svara under 17, siste punktum.

1145

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

19. Sjå svaret under 17.

20. Avhogne greiner (30-40 cm lange) kallast mork. – „Kvoppa og kvista mork", seier me.

21. Avskaven bork kallast „skav" – eit enkelt „Skav-blokka".

22. Båe deler. Elles er det svara på dette under 16 og 17.

23. Avhogne skavne kjeppar kallar me sprek. (eit sprek, fl. sprek, spreket, spreki (sprekjå)) Er det større ved, (strangar) som er sag av og klögd kallar me det „skjevlaved".

24. Når ein skyr skal ein helst få litt av veden med skavet. – Har ikkje lagt merke til, at kyrne ikkje et alt skav utan omsyn til kven skavaren er. Som oftast tek kyrne skavet likso snart som höyet, om du får båe slag med ein gong.

25. Skjevlaved og sprek er helst brukt til bakste-ved: det vert so lite röyk av den.

26. Det er mykje godt slutt med skaving: folk har for lite arbeidsfolk. Og skaving er eit seint arbeid. Det er greiare å gå til kjöpmannen etter mjöl.

Orma 11/1-48

Knut. Orma

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1145